


Handlings og økonomiplan 2019-2022



(Bilete frå Pedagog Gøteborg Pixie bay)

Arkiva dokumenterer avgjerder, handlingar og minne. Dei utgjer ei unik og uerstatteleg arv som vertoverført frå generasjon til generasjon. Arkiva vert forvalta frå dei vert til, for å verne om verdien og meiningsinnhaldet deira. Dei er autoritative informasjonskjelder som står pålitelege og transparenteadministrative prosessar. Dei spelar ei vesentleg rolle i samfunnsutviklinga ved at dei sikrar og bidrartil individets og fellesskapens minne. Ållmenn tilgang til arkiv gir oss rikare kunnskap om samfunnet, fremjar demokrati, vernar om rettane til innbyggjarane og betrar livskvaliteten

Verdserklæringa om arkiv vedteke i 2010.

Status og utfordringar

Trygge, bevare samt gjere arkiva tilgjengeleg for forvaltninga og publikum er hovudføremålet oss som arkivinstitusjon. Dette gjer vi gjennom dei tenestene vi leverer til eigarane våre, tenester som igjen er heimla i gjeldande arkivregelverk.

I planperioden vil store etterslep jamfør arkivforskrifta samt ei venta kommunereform gjere at vi i samråd med eigarane våre er nøydd å gjere gode prioriteringar, lage betre planar og tydeleggjere kvar problema er og korleis ein kan løyse dei.

Arkivverket har sidan 2017 auka talet på tilsyn hjå kommunane i fylket og i 2018 er det varsla fem nye tilsyn. Tilsyna har ført til ei rekkje kostbare pålegg for ein del av eigarkommunane og saman med kommunereforma er etterspurnaden etter arkivtenester sterkt aukande.

Sjølv om vi sidan 2009 har kunna stille meir enn 9000 hyllemeter med magasinplass til disposisjon, trengst det om lag 8000 hyllemeter til om vi skal kunne ta i mot alle arkiva som vert avslutta som ein del av kommunereforma. Dette vil krevje meir føremålsbygg noko som tidligast kan vere klar i 2020, då dette truleg må byggjast fyrst.

Tilgang til informasjon som ligg i arkiva er viktig både for forvaltninga og for innbyggjarane og vi har dei siste åra teke i mot fleire tusen hyllemeter nytt arkiv. Dette har ført til at talet på førespurnader om innsyn har dobla seg. Undersøkingar syner at forvaltninga sjølv og publikum er nøgd med den hjelpa dei får. Skal vi skal oppretthalde same kvalitet på tenesta som og inneber *scan on demand* og levering digitalt på 1-3 dagar, må vi truleg auke bemanninga med minimum eit årsverk i planperioden.

Våre eArkivkartleggingar syner at berre 103 av dei 237 elektroniske arkiv og fagsystema som skulle vore deponert til vårt eDepot innan 2017 er deponert.¹ Kommunereforma fører i tillegg til at over 350 systemforekomstar i prinsippet skal avsluttast og overførast til eDepot.

Dette gjev oss store utfordringar og den finansieringsmodellen vi har i dag for eDepot let seg truleg ikkje vidareføre om dette skal løysast. Utfordringa kring nye krav til kvalitet, vil i mange tilfelle berre kunna løysast gjennom regionale eller nasjonale samarbeid. I planperioden vil difor samarbeidsordningar setjast på dagsorden samt det å få på plass ei ny avtale og prosessbeskrivelse for eDepottenesta. Ei ny ordning vil krevje at vi aukar bemanninga til to fulle årsverk frå 2020 som eit minimum.

I dag ordnar vi arkiva frå 1965 fram til og med 1985 som ei tenestene som vert gjeve som ein del av eigartilskotet. Utrekningar vi har fått gjort, syner at med dagens eigartilskotsordning og gjeldande bemanning, vil arbeidet fyrst kunne vere ferdig i 2040. Dette er ikkje haldbart

¹ http://www.ikah.no/blogg/wp-content/uploads/sites/2/2015/12/kartlegging_rapport.pdf

og Arkivverket som tilsynsmynde, har i tilsyna frå og med 2017 starta å gje kommunar pålegg om at arbeidet skal vere ferdigstilt snarast og innan 5 år. Desse pålegga gjev oss og eigarane våre store utfordringar.

Vi må difor endre tilskotsordninga og tilby oppdragsavtaler til kommunane ut i frå kva ordningsarbeid dei har behov for å få utført. Om vi skal levere tenester i tråd med det etterslepet som har opparbeid seg over år samt det behovet som følg av kommunereforma ser vi behov for å auke bemanninga med to- tre årsverk gjennom planperioden for å kunne levere tenester i tråd med det Arkivverket krev.

Vi er ei arkivkunnskapsbedrift og med kommuneform, digitalisering, innføring av ny teknologi og nytt lovverk er behovet for å tilføre ny kompetanse til arkivleiarane og arkivpersonale større enn nokon gong. Om vi skal lukkast, må vi ikkje berre ta i bruk ny teknologi, men vi må og planlegge og utvikle nye måtar å tilføre kompetanse på.

Samla sett vil de i planperioden vere behov for å auke bemanninga frå 6 til 10 årsverk samt eventuelt tilsetje folk i prosjekt i samband med forbruksbaserte tenester.

Handlingsplanen er utarbeida etter strategimåla for 2017-2020 og fyljande strategiar er satt opp i perioden.

1. Organisasjonsutvikling.

Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane. Dette inneber gode styring og plandokument samt å ta i bruk nye kommunikasjonsmetodar og teknologi.

Vi skal utvikle medarbeidarar med gode arkivetiske verdiar og høg fagkompetanse. Dette vil sei at vi må delta på aktuelle samarbeidsarenaer samt rekruttere og vidareutdanne den fagkompetansen vi har i selskapet i dag.

2. Utvikling av fleksible og behovsretta arkivfaglige tenester og kompetanse.

Vi skal tilføre arkivfagleg kompetanse til og ha eit tenestetilbod som stettar behova i eigarkommunane. Dette inneber aukt dialog og kartlegging samt langsiktig planlegging av tenester i tråd med dei behova som eigarkommunane har.

3. Økonomi og kostnadskontroll

Vi skal vere kostnadseffektive, syne stordriftsfordeler og fleksibilitet samt meirverdi for eigarane. Dette fordrar stram økonomistyring med fokus på effektivisering av drifta. Vi skal og gjere omlegging til meir forbruksbasert betaling der eigarane yter tilskot og betaling for faktisk forbruk av tenester. Dette skal bidra til ei riktig prising av tenestene samt at eigarane

ut i frå behov, eigen kompetanse og ressursar betre kan avgjere kva del av arbeidsprosessane dei kan / vil gjere sjølve samt kva dei eventuelt ynskjer at vi skal gjere.

For at vi skal nå desse strategimåla skal følgjande punkt gjennomførast fram mot 2022

2019

Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane

1. Selskapet legg fram ny selskapsavtale til behandling i kommunestyra
2. Vi skal ha fokus på eigardialog og styret inviterer til eigarmøte
3. Representantskapet møtast til ordinært representantskapsmøte
4. Vi skal ha fokus på brukardialog og vi gjennomfører samlingar for arkivleiarane

Vi skal tilføre kompetanse og ha eit tenestetilbod som stetter behova i eigarkommunane

5. Vi skal gjennomføre deponering av eArkiv jamfør plan for deponering
6. Vi skal gjennomføre deponering av papirarkiv jamfør plan for deponering
7. Vi skal nå måla for ordning av arkiv frå perioden 1965-1985
8. Vi skal nå måla for ordningsoppdraga våre
9. Vi skal gjennomføre seminar og tilby kurs til eigarane

Vi skal vere kostnadseffektive og ha tenester som gjev meirverdi

10. Vi skal ha fokus på kvalitetsforbetrade tiltak og gå gjennom styrande dokument
11. Vi skal utrede samarbeidsløysing for eDepot.
12. Vi skal tilby oppdragsavtale for dei kommunane som ikkje har fått ordna arkiv til 1985.
13. Vi skal tilby ny eDepot løysing og ny eDepotavtale i tråd med nye krav og forventningar.

Vi skal utvikle medarbeidarar med gode etiske verdiar og høg kompetanse

14. Vi skal delta på arenaer og seminar som gjev kompetanseheving
15. Vi skal gjere kompetansekartlegging og utvikle ein kompetanseplan for medarbeidarane

2020

Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane

1. Samanslåingskommunane vedtek ny selskapsavtale i 1Q.
2. Vi skal ha fokus på eigardialog og styret inviterer til eigarmøte
3. Vi skal presentere selskapet for nytt representantskap
4. Representantskapet møtast til ordinært representantskapsmøte
5. Vi skal ha fokus på brukardialog og vi gjennomfører samlingar for arkivleiarane
6. Vi skal utvikle ein ny strategi med handlingsplan for 2021-2023

Vi skal tilføre kompetanse og ha eit tenestetilbod som stetter behova i eigarkommunane

7. Vi skal gjennomføre deponering av eArkiv jamfør plan for deponering

8. Vi skal gjennomføre deponering av papirarkiv jamfør plan for deponering
9. Vi skal nå måla for ordningsoppdraga våre
10. Vi skal gjennomføre seminar og tilby kurs til eigarane

Vi skal vere kostnadseffektive og ha tenester som gjev meirverdi

11. Vi skal ha fokus på kvalitetsforbetrande tiltak og gå gjennom styrande dokument
12. Vi skal ha fokus på kostnadssparande tiltak gjennom forbetring av arbeidsprosessar
13. Vi skal ha 90 % av fakturahandsaming over på EHF

Vi skal utvikle medarbeidarar med gode etiske verdiar og høg kompetanse

14. Vi skal delta på arenaer og seminar som gjev kompetanseheving
15. Vi skal gjere kompetansekartlegging og utvikle ein kompetanseplan for medarbeidarane

2021

Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane

1. Vi skal ha fokus på eigardialog og styret inviterer til eigarmøte
2. Representantskapet møtast til ordinært representantskapsmøte
3. Vi skal ha fokus på brukardialog og vi gjennomfører samlingar for arkivleiarane

Vi skal tilføre kompetanse og ha eit tenestetilbod som stetter behova i eigarkommunane

4. Vi skal gjennomføre deponering av eArkiv jamfør plan for deponering
5. Vi skal gjennomføre deponering av papirarkiv jamfør plan for deponering
6. Vi skal nå måla for ordningsoppdraga våre
7. Vi skal gjennomføre seminar og tilby kurs til eigarane

Vi skal vere kostnadseffektive og ha tenester som gjev meirverdi

8. Vi skal ha fokus på kvalitetsforbetrande tiltak og gå gjennom styrande dokument
9. Vi skal ha fokus på kostnadssparande tiltak gjennom forbetring av arbeidsprosessar

Vi skal utvikle medarbeidarar med gode etiske verdiar og høg kompetanse

10. Vi skal delta på arenaer og seminar som gjev kompetanseheving
11. Vi skal gjennomføre kompetanseplanen for medarbeidarane

2022

Vi skal vere tydelege og ha ein nær dialog med eigarane og brukarane

1. Vi skal ha fokus på eigardialog og styret inviterer til eigarmøte
2. Representantskapet møtast til ordinært representantskapsmøte
3. Vi skal ha fokus på brukardialog og vi gjennomfører samlingar for arkivleiarane

Vi skal tilføre kompetanse og ha eit tenestetilbod som stetter behova i eigarkommunane

4. Vi skal gjennomføre deponering av eArkiv jamfør plan for deponering

5. Vi skal gjennomføre deponering av papirarkiv jamfør plan for deponering
6. Vi skal nå måla for ordningsoppdraga våre
7. Vi skal gjennomføre seminar og tilby kurs til eigarane

Vi skal vere kostnadseffektive og ha tenester som gjev meirverdi

8. Vi skal ha fokus på kvalitetsforbetrande tiltak og gå gjennom styrande dokument
9. Vi skal ha fokus på kostnadssparande tiltak gjennom forbetring av arbeidsprosessar
10. Vi skal avklare vidare leigeforhold og utviding av lokale.

Vi skal utvikle medarbeidarar med gode etiske verdiar og høg kompetanse

11. Vi skal delta på arenaer og seminar som gjev kompetanseheving
12. Vi skal gjennomføre kompetanseplanen for medarbeidarane

Økonomiplan 2019-2022

Utgifter	Rekneskap	Revidert budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Sosiale utgifter og lønn	4 512 141	6 600 000	7 000 000	7 175 000	7 350 000	7 500 000
Andre driftsutgifter	3 868 192	4 140 000	5 000 000	5 100 000	5 200 000	5 300 000
Avsetningar						
Sum, utgifter	8 380 333	10 740 000	12 000 000	12 275 000	12 550 000	12 800 000
Inntekter	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tilskot frå kommunane	3 514 165	3 675 000	3 765 000	2 950 000	3 020 000	3 165 000
Depotinntekter *	4 814 326	5 465 000	6 200 000			
Inntekter papirdepot				5 000 000	5 125 000	5 250 000
Inntekter eDepot				1 800 000	1 845 000	1 890 000
Oppdrag innanfor selskapsavtalen	946 994	1 400 000	1 800 000	1 800 000	1 845 000	1 890 000
Andre inntekter	243 034	200 000	235 000	250 000	300 000	325 000
Bruk av egenkapital				475 000	415 000	280 000
Sum inntekter	9 518 519	10 740 000	12 000 000	12 275 000	12 550 000	12 800 000
Finansinntekt og kostnad	34 920					
Resultat etter skatt	1 173 107					

* frå og med 2020 legg vi opp til at vi skil mellom papir og eDepot i budsjett og rekneskap

Eigartilskot og justering for KPI (kommunal deflator)

Vi budsjetterer med kommunal deflator eller minimum 2,5 % gjennom heile planperioden for eigartilskotet.

I budsjettet for 2019 er det lagt opp til ei auke på 2,5% som justering for pris og lønnsvekst. I frå 2020 vil eigartilskotet gå ned som eit resultat av ny finansieringsmodell.

Tilskot til depot for papirarkiv.

I revidert budsjett for 2018 skal det betalast 273,- pr. hyllemeter frå og med juni 2018 til desember 2018. Dette gjeld berre for nye hyllemeter som vert reservert. Beløpet vert fakturert i august.

I frå 2019 fastset ein pris pr. hyllemeter på 475 kr pr. år,- Dette er ein reduksjon på 13 % eller 71,- pr. hyllemeter frå 2018. Dette er mogleg både fordi vi aukar volumet samt at vi no vil krevje betaling pr. innsyn i staden for ein fast pris for både lagring, forvaltning og innsyn.

Vi set ein pris på timepris 552,- pr. time for kvart innsyn. Vi fakturerer årleg på etterskot. (innsyn vert fyrste gong fakturert i 2020) Og minste tid er sett ein time pr. innyn. Vi budsjetterer med 500 innsyn årleg for 2019.

Nye avtaler og nye vilkår / ny pris vert gjort gjeldande frå 2019. Alle beløp er gjenstand for justering i tråd med kommunal deflator eller minimum 2,5%

Oppdragsverksemd / ordningsavtale prising

I samband med at vi frå 2020 ikkje lenger vil tilby ordning som ein del finansiert av eigartilskotet, vil vi i løpet av 2019 tilby langsiktige oppdragsavtalar på inntil 5 år for ordning for dei som ikkje har fått ordna arkiv fram til 1985.

Vi set prisen for oppdrag til 552,- pr. time frå 2019 av og alle avtalar vil verte justert med kommunalt deflator årleg eller minimum 2,5%

Tilskot for til digitale arkiver. eDepot / digitalt depot og innsyn.

Vi tilbyr i dag kommunane avtale om eDepot. Tenesta er finansiert av eit tilskot i fire intervall etter innbyggartal. Tenesta har i dag berre 0,6 årsverk og er kraftig underfinansiert i høve behovet og dei krava som no vert stilt til ei eDepot teneste både når det gjeld infrastruktur og bemanning.

Vi vil likevel for 2019 ikkje legge opp til meir enn ei 5 % auke i eDepotavgifta, men varslar at vi frå 2020 vil vi gå vekk frå modellen med finansiering av tenesta i intervall. Vi vil utrede og tilby ein ny eDepot avtale som vil ha eit fast driftstilskot i botn samt eit beløp pr. system ein har i depot.

Utvikling av egne innsynsløysingar vil verte prisa separat og ha eit fast driftstilskot i botn samt eit beløp pr. system ein ynskjer å i løysinga.

Vi vil frå 2020 budsjettere med 40 000,- i grunnbeløp og 8800,- pr. systemforekomst og ber om at dei som ynskjer å teikne ny eDepot avtale innarbeider dette i sine økonomiplanar.